

Orientering om behovet for å reparera 20 m gammal gardsveg ved enden av privatvegen Kvalvågnes.

Privatvegen Kvalvågnes er ein gammal gardsveg for bruk 84/1 og 84/4. på 84/4 sin eigedom gjekk den frå grensa til 84/1 (nr 84/33) til foringsplass ved utmarksgjerdet i Mikkelsvågen. Hyttefeltet i Mikkelsvågen ligg no på andre sida av dette utmarksgjerde og vegen grensar no til grensegjerdet for 84/25.

Då privatvegen Kvalvågnes var ferdig bygd med endesnuplass fekk dei 4 hytteeigarane mellombels løyve til å ha sine bilar parkert på og attmed gardsvegen til dei hadde fått bygd/skaffa seg eigen parkeringsplass i samsvar med sitt skøyte eller eigen parkeringsavtale med underteikna på 84/4 sin grunn i samsvar med Hytteplan fra 1976.


Lindås kommune tok opp spørsmålet om tilgjenge til utsetningsplass for kano/kajakk på underteikna sin grunn gnr 84/4 i Kommunestyresak 080/15 i samband med vedtak om utlegging av Kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden i saksutgreiingat til offentleg ettersyn: Ønsket er formulert i endringspunkt 6:

"Det er sett av eit område for småbåthamn (SBH5) med offentleg tilgjengelege slipp og kano-/kajakkutsetting på Gnr.84/4 på Kvalvågnes. Den eksisterande parkeringsplassen har i plankartet fått føremålet «parkering». Offentleg tilgjenge vert ivaretake i føresegn § 5.15 og § 5.16. Krav om reguleringsplan er heimla i føresegn § 5.14."

Ønsket fra Kommunestyret vart så gjort gjeldande då Kommunedelplanen vart endeleg vedteken 02.09.2015 og er å finna på side 16 i føresegnene.

5.15 I område SBH5 skal det regulerast inn slipp for småbåtar og kano-/kajakkutsetting, som begge skal vere offentleg tilgjengelege. Heimel: Pbl § 11-9 nr. 4.


Eigarar av 84/4 Jorunn og Nils Kvalvågnes er positive til å opna gardsvegen for lettare tilkomst til det flotte padleområdet i Lindåsosane,



men dette er avhengig av at «parkeringsplassen» nemnt i kommunestyrevedtaket vert organisert betre.

Parkeringsplassen er eigentleg gardsvegen som går ca 20 m vidare frå snuplassen for privatvegen Kvalvågnes til foringsplassen for dyra som gjekk på utmarksbeite og lager/oppstillingsplass for landbruksføremål i tilknyting til skog og gardsdrift. Gardsvegen syner også som tilkomst til hytte 84/25 på Hyttefeltutbyggingsplanen fra 1978. Noverande bruk som midlertidig parkeringsplass for

hyttefeltet hindrar framkomsten vår på gardsvegen fram til endepunktet for denne og hindrar også bruken av sidearealet ved enden av snuplassen som gjesteparkeringsplass for padlarar og andre besökjande.



Med bakgrunn i dette sende underteikna følgjande tilbod til Bergen og omland friluftsråd:

Oppfølging av kommunen sitt ønskje i arealplansamanheng om etablering av utsetningsplass for kano/kajakk på gbnr 84/4 sin eideom på Kvalvågnes.

Hallo

I gjeldande arealplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden har underteikna fått grønt lys for å etablere ei båthamn/flytebryggje med utsetjingsmuligheter for kano/kajakk. Bakgrunnen for at me har teke opp dette i arealplansamanheng er ønskje frå brukarar av friluftsområdet på Kvalvågnes og spørsmål om dette frå tilsette i BOF (sjå utsnitt av arealplankartet nedanfor – teksten frå saksutgreiinga er lagt inn på kartet av underteikna).

I dag er tilkomstmulighetene for folk som ønskjer å setja kano/kajakk på sjøen og padla i Lindåsosane ikkje så gode innanfor friområdet sine grenser. Mange kører difor opp til oss og bed om å få setja ut frå vårt område og parkera der så lenge. Me ønskjer no å høyra med BOF om me kan få til eit samarbeid med friluftsrådet og kommunen om etablering av ein slik muligheit.

Kommunen opnar for at me kan leggja ei flytebryggje i det blå området SBH5. Dette ligg tett ved enden av privatvegen Kvalvågnes og ved eit parkeringsområde som me har der i tilknyting til eit etablert hyttefelt og utbyggingsområde for hytter.

Vårt forslag er at BOF leiger rett til utsetjingsplass for kano/kajakk og og at parkeringsbehovet vert løyst ved at me tilbyr nokre gjesteparkeringsplassar for dei som ikkje ønskjer å køyra tilbake til friluftsrådet sin parkeringsplass.

Tilkomsten må skiltast slik at dette ikkje vert ein alminnelig parkeringsplass for friluftsområdet (det har me ikkje kapasitet til), berre for tilkomst med parkeringsmuligheter for dei relativt få som ønskjer å padla.

Om det er interesse for dette, så inviterer eg til ei synfaring i området for å drøfta eit slikt tiltak og samarbeid nærmare.

Kvalvågnes 07.04.2020


Med helsing Nils Kvalvågnes

Synfaring med repr for BOF v/John Frithjof Fosse og Lindås kommune v/Terje Villanger vart gjennomført i 13.05.2020.

Kartet nedanfor syner ny organisering av bruken av «parkeringsplassen» nemnt i Kommunestyresak Lindås kommune 080/15.

1. Hytteeigarane får avtale med 84/4 om eigande parkeringsplass på området merka «Parkering» (gjeld 84/19, 84/20, 84/25 og 84/26). Hytte 84/25 har alternativ avtale om framkomst til parkering på eigen grunn via gardsvegen som går opp mot det gamle utmarksgjerdet – no grensegjerde mellom 84/4 og 84/25. Alle avtalane inneholder informasjon om at dei sjølve må skaffa seg naudsynte løyve frå offentleg myndigheter.

2. 84/4 legg til rette for at området merka «gjesteparkering» vert opna som gjesteparkering for padlarar (sjå meir om dette i innfelt brev til BOF). Gardsvegtraseen over snuplass og parkeringsplassar skal haldast fri for parkerte bilar.



Underteikna har per i dag fått avtalar med 3 av dei noverande brukarar av «parkeringsplassen» på 84/4 sin grunn (nemnt i kommunestyret si saksutgreiing), om flytting til sine eigande parkeringsplassar (i området merka Parkering på kartskissa over). Den 4. hytteeigaren (84/25) har

også fått tilbod om dette men ønskjer heller å etablera parkering på eigen grunn med tilkomst via underteikna sin gardsveg som går langs gjerdet til denne hytteeigedomen. Underteikna støttar dette ønskjet då dette fører til ferre bruksavtalar om grunn til parkering på 84/4 sin grunn. Denne tilkomstløysinga er også skissert i Hytteplanen frå 1976.

Per i dag er gardsvegbiten på ca 20 m frå «gjesteparkeringsplassen» ved enden av snuplassen og fram til sitt endepunkt ved utmarksgjerdet reparert som viktig del av garden sin infrastruktur.

Til sist vil me som eigrarar av 84/4 presisera at me har ingen fordelar av å opna gardsvegen som tilkomst for padlarar, (berre ulemper med meir biltrafikk gjennom vårt tun og større vanskar med å halda grinder stengt og beitedyr på rett side av gjerde), men me ser på dette som velvilje ovanfor friluftsfolket og i lojalitet til Lindås kommunestyre sitt ønskje om tilrettelegging for friluftsliv i Kommunedelplanen for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden.

Om kommunen meiner at ei meir omfattande handsaming trengst for å opna for slik bruk og tilkomst for friluftsfolket, så må kommunen sjølv stå for dette.

Kvalvågnes 14.05.2020.

Helsing Jorunn og Nils Kvalvågnes

telf 95 88 68 88